



Pressemelding 24. november 2020

Natås barnehage stengt til onsdag

Ein person knytt til Natås barnehage har fått påvist koronavirus. Barnehagen blir stengt i tre dagar, medan koronasenteret driv smittesporing.

– Personen som har fått påvist koronavirus har få nærkontaktar. Vi har likevel valt å stenge barnehagen, sidan nokre andre har testa seg – og ventar på prøvesvar, fortel tenesteleiar for barnehage, Mona Hagewick.

Natås barnehage på Myking er ein privat barnehage med to avdelingar. Barn og vaksne på begge avdelingane vart sendt heim måndag denne veka.

Styrrar har informert dei føresette om situasjonen, og sender oppdatert informasjon så snart koronasenteret er i mål med smittesporinga.

– Foreldre og søsken til barna som er i karantene, treng ikkje halde seg heime. Dei kan gå på skule og arbeid som normalt, så lenge dei kjenner seg friske, fortel Hagewick.

Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Mona Hagewick, tenesteleiar for barnehage
Mobil: 951 46 923